

## Leiargruppa i Alver

leni.dale@lindas.kommune.no, anny.bastesen@meland.kommune.no,  
jarle.landas@radoy.kommune.no, kristin.moe@lindas.kommune.no,  
orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no, lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no,  
martin.kulild@meland.kommune.no, janne.sund@lindas.kommune.no,  
hogne.haugsdal@lindas.kommune.no

I samband med at det skal drøftast reguleringsplan for Midtmarka på Flatøy, vil eg gjerne minna dykk om at Nordhordland ikkje har eige regionmuseum slik dei andre regionane i Hordaland har fått forlengst.

Sidan det no skal utviklast eit sentralt småbyområde i Midtmarka vil eg foreslå at kommunen nyttar høvet til å leggja inn eit regionalt museumsmagasin i dette området. Så kan ein i neste omgang byggja på med Regionalt Museumsbygg til utstillingar, kontor o.l. .

Det er viktig å ha ein modell for museumsutvikling som gjer at dei andre kommunane i regionen også får nytte av eit regionalt museum. Eg trur difor at ein kan ha som plan å oppretta ei museumsavdeling i kvar av dei andre kommunane., slik det til dømes er gjort i andre regionar i landet.

Eit regionalt felles magasin lokalisert på Midtmarka trur eg vil kunne vera greit for dei fleste, eit slikt magasin vil berre kunna ta inn dei mest verneverdige regionale objekta. Kommunane lyt i tillegg til det regionale magasinet finna løysing for eventuell sikring av lokale kulturminne som har høg lokal verneverdi , men mindre regional verneverdi.

**Eg har nyleg sent eit brev/epost til eit nasjonalt Utvalg for museum og forskning der eg påpeikar den urettferdige fordelinga av statlege midlar til museumsdrift i Nordhordland.**

Her kan ein lesa brevet mitt.

<https://museumnytt.blogspot.com/2020/01/10012020-epost-til-utvalg-for-museum-og.html>

Kulturdepartementet arbeider med ei stortingsmelding om museum som planlegges ferdigstilt ved årsskiftet 2020/2021. Her er framleis råd å koma med innspel/kommentarar.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e557302e76874d06850516f7aa94d620/utvalg-for-museum-og-forskning---mandat.pdf>

Helsing

Arne Høyland

Eikangervåg